



ADU Ingeniør Atle D. Utkilen
Ingjerd Haugen
5953 FONNES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/3653 - 15/31184

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
01.10.2015

Mellombels bruksløyve - gbnr 202/154 Hjelmås - bustad og garasje.

Administrativt vedtak. Saknr: 430/15

Tiltakshavar: Heidi Styve og Inge Eikanger
Ansvarleg søkjar: ADU Ingeniør Atle D. Utkilen
Søknadstype: Søknad om mellombels bruksløyve etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 10.07.2015 med endring godkjend i vedtak datert 24.02.2015.

Ansvarleg søkjar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk.

Følgjande arbeid står att:

1. Ferdigstilling av garasje

Mellombels bruksløyve gjeld bustad og mur.

Det vert elles vist til søknad motteken 15.06.2015, supplert 25.06.2015 og 02.07.2015.

Det vart gitt mellombels bruksløyve for VA-anlegget – trase 1 i vedtak datert 10.08.2015 og veganlegget frå fylkesvegen og fram til pel 140 i vedtak datert 30.09.2015.

VURDERING

Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for bustad og mur, jf. plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd.

Ansvarleg søkjar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til sommaren 2015. Kommunen har ikkje motteke søknad om ferdigstilling per dato og set frist for ferdigstilling til 31.12.2015.



Skildring

Adresse:	Hellesåsen 7
Bygningstiltak:	Bustad, garasje, mur og tilhøyrande tekniske anlegg.
Bygningsnummer:	Bustad: 300474990
Bruksareal:	129 m2
Avløp:	Offentleg
Vatn:	Offentleg
Tal på røykløp:	1

VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for tiltak på gbnr 202/154 på følgjande vilkår:

1. Mellombels bruksløyve gjeld fylgjande del av tiltaket: bustad og mur.
2. Ferdigattest skal liggja føre innan 31.12.2015.

Bortfall av mellombels bruksløyve

Mellombels bruksløyve fell bort på fristdato for ferdigattest. Om det ikkje ligg føre ferdigattest innan fristen er bruk ikkje lenger lovleg og må opphøyra. Om attståande arbeid ikkje vert ferdigstilt innan fristen skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling etter plan- og bygningslova kapittel 32.

Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vera tilgjengeleg på byggeplassen. Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/3653

GEBYR

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
10.2.8	Delt handsaming – mellombels bruksløyve	1	Kr 2 900,-
	Totalt gebyr å betala		Kr 2 900,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl. § 21-4 (6).

Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klaga over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klagen skal vera grunngjeven.

Med helsing

Tor Hegle
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Heidi Styve og Inge Eikanger	Hjelmåsen 37	5915	HJELMÅS
NGIR	Lindåsvegen 1260	5956	HUNDVIN
Teknisk drift			

Mottakarar:

ADU Ingeniør Atle D. Utkilen	5953	FONNES
------------------------------	------	--------